Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1. S. og Fj.

Fylke:

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hafslo - hovudsokn

Emne: Transport av høy

Bygdelag:

Oppskr. av: Ivar E. Alme, bonde fødd 12/4-95.

Gard: Alme

(adresse): Hafslo.

G.nr. 49 Br.nr. 21

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eigi røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.) På dei større gardar var der altid
utslåtter, og husmennene matte altid
fyrst vera med og onna hjå husbonden,
der som det var pliktarbeid av dette
slag. Sjølv ein husmann og havde utslåtte.
Når ein var ferdig med utslatten var det
heller inkje mykje at av heimeslåttene.
Dei brukte det på den måten at når dei
havde onna i hesjane heime so var det
å onna i hesjane i utmarki, so heimat
å høya inn, og fylla i dei same hesjane å nyo.
Slik skiftest dei um annankvar, det var
„Tre-hesjar" som var brukt i dei dagar, og heldt
seg upp i mot 80-90 åri.
I utmarki hesja dei ogso på skogen, „greinene",
der som det var lite plass for hes.
Ein som ikkje åtte hest sjølv fekk lånt
hest, som regel hjå husbonden mot at arbeida
for lånet og soleis fekk han heim høyet sitt.
2). Transporten til „stakken" eller „utløa" vart
etter markaskapet, om å bera eller draga
„stoe", det var for det meste. „Ristaud" dei
brukte å bera høyet i. Ristandet var laga
av 2 greiner, der eine var ei sidegrein til

90

denne måtte vera slik, den andre greni var
gjotkaste enden hål, den skulle trekkjast
gjennom den andre greni, og var kalla „svolk"
Når desse grenene var godt samanflette kunde
ein bera umlag 2 våger, (36 kg).
Det var ogso nytta „börtog", fyrst i vigga frå
helda „ei 1/3 av lengdi, elles var det vanleg
„Börstatog" eller tog av „Hamp" eller vanlegt tog.
På ein „bör" kunne det vera umlag „15 våger"
(270 kg). Höyet vart fangdt, „å byggja lessinga" so var
altid framme på „sloen", og so lis måtte ein og
passa på at „sloen" var högst framme. da
var han lettare til å draga, og styra.
Transporten på denne måten, kalla ein for
„Fanhöying". Höytönn vart ikkje laga, enten
det var i „Risband" eller tog „(Börtog)" umlag
4 store fangger var i „bör"
Når ein bar höyet i „Risband", vart den
enden av bandet „Lykkjeenden" lagt over
ryggen, den andre enden av bandet var
hål, det var „svåkken", han rau då
godt åt når ein trekte han åt.
Når ein bar höy i „Börntog" so stakk
ein armane in under kvar högende
det kallar ein „fatle", böri var då lett
å bera, höyet var då lett i helda, og ein
trekte toget fram yver oksla, herda.
Var nokon med i „Höyinga" so tok den
under böri og letta upp so godt som råd,
dette vart altid gjort bakanfrå.
Borni var ofta med på „Fanhöying".
Det kunde på ymse staden vera slik
at det var umogleg å bera höyet, av di
90 det var eit farlegt lende, der det inkje

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

var „Löygustreng" brukte ein. „Höymeis," ei slags grov „Not" denne var laga av: „Bust" „Hamp" „Viggor" eller „Tog". I ein vanleg „Meis" kunde ein har umlag 5 vågor (Kg 90) Ein passa alltid på at det var ei „Löypa" som var nokolunde fri for skog og ette der meisen skulde fara.

Når ein so var ferdig med alt, då sagde ein, at no hev me „Innhöya"

Noko sers reidskap som „Trilletör" „Piaa" vart inkje brukt.

3) Höyet vart köyrt heim på vinterföre.

4) Kjörereidskapen ein brukar er: „4 hjult vogn der det er lett å kjöre, den er påsett grindar. (Flaker) og so „hjulslede" denne er med 2 hjul, og brukast der som det er bratt og tung veg, den går lettare, og er lettare for hesten der det er bratte svingar på vegen. Når ein kjörer höyet undanbakke brukar ein. Vanleg slede (Truslede) for at ein kan få på eit stort lass, so hektar ein på sleden „Stoar" då fer ein lasset lenger, og er betre å styra under kjöringa.

Denne slede er inkje spurgt på, og han vert og kalla „Trumei".

På „Vogn" „Hjulslede" „Truslede" „Trumei" brukar ein „Höyfong" og 2 „Åtgjöringar" tversover lasset, då sig inkje lasset skeivt, og er ogso lettare å styra. Eit vanleg lass (20 vågor (Kg 360) Ein raka alltid alt höyet med i lasset.

7. „Höyfongi" er eit langt tog. „Höyfongeband" som er festa i „Höyfongi" og lagt langs understillet på Kjörereidskapen, i den



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

i den bakre delen på „Högtogi" er „tverstykket" lenger en den som er fremst, dersse endan
som gjenge forbi „langeiden" av tongi kalla
ein „Horni", og dersse „Horni" lagde ein den
delen av „Högtongebandet" eller det som
„åtgjort," altso, ein tok kast med toget
frå det eine „Hornet" til det andre, då gjekk
inkje bandet upp at!

Skilnaden på „Börntog og Åtgjöring."
(„Gyrdatog)" Börntoget der ditte er heilt,
inkje bygga frå Helda, er dobbelt.
„Åtgjöringen" (Gyrdatoget) er einkelt frå
„Helde."

Ein matte altid passa på at „Vogni eller
sleden" stod umlag 30 Cm. frå Stakken
eller lö-veggen, då fekk ein lasset breidt
og beint ved lessinga.

Storleiken på lasset vart etter „före=
forholdet." Ein brukar altid berre ein
hest for lasset.

5) Der ein matte köyra höyet frå felles=
stått var alle eigarar i lag inn arbeidet
ein laste like store „lass," elle lagde like
„byrar."

Straks den förste snöen kom, og so mykje
som skulde til av den so ein kunde få
god veg, det kunde vera dei stader der
det var „ulendt" og solis måtte vera
ca 24 tommar som ein se, eller 1 „Alen".
då tok det for alvor til med köiringa
Den som inkje hadde hest sjölv, fekk
lånt hest, Ein gjorde byte, den som lånte
var med hesteigaren på anna arbeid, og
solis fekk han heim höyet sitt.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Ein var altid tidleg ute ein slik dag, det kunde ofte vera ein 10–15 hestar i eit lag, var det myke snö skiftest dei um „bröytinga.“ den hesten (som) gjekk fyre var „lausraipa,“ (utan slede) den attarste hesten matte draga hans slede, slik skiftest bröytinga. Var det svært myke snö so var det altid den eldste hesten som vart brukt til „bröyting“ han hadde ikkje slede med, den hesten var gamalt kjend, han gjek fyre, og den vart inkje kjört han kjende det um han gjekk ut av vegen, og straks var han på vegen igjen.

Når ein kom fra staden komen hjelpte ein kvarandre med lessinga, og alle var ilag på heimvegen, det såg ut som eit „Tog“ kom, med alle desse lassa i rad og rekkje.

Dagen gjekk med liv og gaman, og det var tala um „den og den“. „Bröythesten“ kor godt han tok sek fram, og um det vilde bli upphaldsvær, so ein kunde få köyrt heim. Var det so det vart storm vart vegen av „snörauket“ full av snö, og var då ofte ubrukeleg, og då måtte ein bruka „spaden“ „måka uppat vegen.“ og det var det verste som kunde henda. Difor kjörde ein kvar dag til ein var ferdig.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
90